




Klart for ny Bøkkerkveld: Vertskapet og kvartett-leiaren står til venstre

Transport - i vidaste forstand - og mjuke jazztonar prega den tradisjonelle Bøkkerkvelden.

Dei 50 som kom til den særprega verkstaden på Rød denne gongen fekk ei ny, fin oppleving spekka av kulturhistorie.



Jan Sunde med eit columbi egg som ein kan feste rundt kufferten for å kjenne han att!
Frammøtetet plar vera større, men tilskiparane har likevel grunn til å vera fornøgde. Dette er 14. gongen det blir arrangert Bøkkerveld utan at konseptet har vorte endra!



[Dag Helland er også ekspert på robåter og her presenterar han 4.](#)

Uskedaling og no salssjef i Tide Reiser Jan Sunde hadde kåseriet denne kvelden. Reiselivsveteranen, som starta yrkeskarriera si allereie i 1971, gav eit tverrsnitt av ei fascinerande utvikling i bransjen. Han minte om at det første flyet med charterturistar tok av frå Fornebu så seint som i 1959 – her er det verkeleg tale om ein revolusjon.

Men Lunde kom også med prov på at allting går i sirkel: I reiselivets barndom var det populært å sykla, det er det også i dag.

Salet av klimavotar kalla han ein moderne form for avlat.



[Ole Jacob Hystad spelar frå ny dør.](#)

Som i fjor hadde Dag Helland ei sentral rolle i programmet. Mellom mykje anna er professoren også ekspert på robåtar og stell av slike og han hadde med seg ein oselvar og ein Tysnesbåt. Han presenterte dei saman med to av museet sine båtar: Ei jolle som hyttepioner Lars P. Haugland hadde ved Mannsvatnet og ein oselvar som tanllege Odd Lie frå Bergen nytta under ferieopphald i Uskedalen.

Helland hadde ikkje berre gode råd om stell av robåtar, han snakka også varmt for bruken av dei. Sjølv om han hadde hatt ein båt på slep, hadde han gjort unna turen frå Beinavikjo på 20 minuttar med 4 knops fart.

Men bygdemuseet har problem med å ta vare på båtane sine og Kristian Bringedal oppmodar folk om å adoptera dei!

Borge Olsens kvartett sviktar aldri Bøkkerkvelden og denne gongen hadde nestor Kjell med seg sonen Leif Henrik, Ole Jacob Hystad og Svein Folkvord. Den framifrå saksfonisten Hystad slo an den rette tonen allereie i starten, då han spela frå den nye døra i verkstaden. Dei fire fekk mykje velfortent klapp i kveldens løp. Lubbesild og potet stod sjølvstodt på menyen også denne gongen og ved midnatt blir bålet tent og set ein ekstra spiss på arrangementet i den fine sommarkvelden.

Av Ola Matti Mathisen



Kvartetten spelar jazz i særprega miljø